



*KRAFTIG VEKST: Omar Vangsnes og Sognabær opplever stor spurnad etter bringebær dyrka i plasttunnelar. I bakgrunnen Krysztof Korzyski og Tomasz Dabrowski.*

## Bringebær til himmels

Forbruket av norske bringebær til dessert og delikatesse har på seks år auka med ufattelege 700 tonn.

*Av Gunnar Kleven  
Sogn Avis 12.07.2008*

Bærbøndene på Vestlandet opplever mildt sagt eventyrlig vekst og bringebærplantene er på veg mot himmelen dersom det blir dreis på eksporten.

### Tonnevis

Førsteklasses avlingar frå Vangsnes blir distribuert av Bama. Tonnevis med bringebær blir dagleg transportert til Oslo-regionen der den aller tyngste markanden er. Store deler blir også levert den bergenske marknaden.

– Dei største byane i Sverige er berre fire timer unna Oslo. Lukkast me med å få sving på effektiv distribusjon ut av landet, er det i dag vanskeleg å spå kor bringebærproduksjonen vil enda, seier Omar Vangsnes i Sognabær.

### Toler 1000 tonn

Sognabær er eit lokalt selskap Vik kommune etablert for tre år sidan. Fire medlemer har totalt 150 mål bringebærplanter dyrka i plasttunnelar. I tillegg blir det dyrka 15 mål på friland.

– Me reknar med at me kjem opp i ein tonnasje på 180 tonn denne sommaren. Felta er unge og gir ikkje topp avlingar enno, med maks produksjon her på Vangsnes og ute i Vik, vil 250 tonn vera realistisk for oss, seier Omar Vangsnes.

I 2002 leverte Bama to tonn ferske bringebær til nordmenn, i år er anslaget 700 tonn. Men det stoppar ikkje her. Ekspertisen innafør næringa meiner den norske marknaden toler ein

produksjon på 1000 tonn. Legg til ein ikkje ubetydeleg eksport og bringebærbonden vil bli ein liten konge på haugen.

### **Ekspertisen bomma**

Årets tunnelsestid var rekordtidleg med eit par hundre kilo i korgene 23. juni. I dag har Sognabær lenge igjen av sesongen med felt i ulike høgdemetrar. Sesongen spenner seg dermed over tre månader.

– No treng me ein god sesong. Fjoråret var ein nedtur for flesteparten av oss som steller med bringebær, seier Vangsnes.

Den strenge vinteren i 2006/07 resulterte i skader på plantene og utover i sesongen vart det både for varmt og turt i dei langstrakte plasttunnelane. Det verste var likevel svikten i rådgivingstenesta som serverte bærdyrkarane ein skivebom.

– Me vart tilrådde til å sprøyta med svovelkalk for å få bukt med midden. Alle som følgde rådet, fekk seg ein kraftig smekk som tok oss økonomisk, seier bringebærdyrkaren.

Svovelkalken svei bladverket, næringsopptaket vart dermed redusert og resultatet vart enorm avlingssvikt. Men Sognabær lærde av den tilførde fadesen.

– Me har veldig god kiloproduksjon per dekar og er oppe i to tonn i snitt. Dei aller beste felta forventar me faktisk 3,5 tonn per dekar, seier Omar Vangsnes.

### **Fantastisk bærtypen**

Bærbøndene får omrent 60 kroner kiloen, prisen sig når alle landets produsentar er inne på marknaden. Prisen har tendens til å auka igjen på tampen av sesongen.

– *Kva er årsaka til god pris og stor etterspurnad?*

– Glenn Ample er fantastisk! Den er fin å sjå på, er forholdsvis turr, er bra fast i kjøtet og typen toler lagring, seier Omar Vangsnes og legg til:

– Dessutan er det trendy å eta fersk frukt og ferske bær. Forbrukarane er villig ti å betala meir enn tilfellet var for få år sidan og eg trur dei gjer det gledeleg når det er vitskapeleg prova at oksidantinhaldet er ekstremt høgt.